

## **Vedlegg 1 – Beskrivelse**

### **Skifte av tak på kor og kyrkjelydssal – Stavang kyrkje**

#### **1. Oppdraget**

Oppdraget gjeld skifte av tak over koret og kyrkjelydssalen ved Stavang kyrkje.

Stavang kyrkje er ei arbeidskyrkje i pussa teglstein. Kyrkja vart vigsla i 1957. Det er registrert lekkasje i taket over kyrkjelydssalen, på den nordaustlege delen av kyrkja. Takarealet som skal skiftast er om lag 190 m<sup>2</sup>.

Arbeidet omfattar i hovudsak demontering av eksisterande skifertak, kontroll av underliggjande konstruksjon, etablering av nytt undertak, ny skifertekking, nye beslag, nye takrenner og nedlaup, fjerning av eksisterande takgjennomføring, avfallshandtering og nødvendig stillas/sikring.

Kyrkja ligg på adressa Stavangvegen 18, 6944 Stavang. Matrikkeladresse er gnr. 98 bnr. 3 i Kinn kommune.

---

#### **2. Overordna krav til utføring**

Arbeidet skal utførast fagleg forsvarleg og med løysingar som er eigna for eksisterande kyrkjebygg, vêrtilhøva på staden og bruk av natursteinsskifer.

Takflata skal etter ferdig arbeid ha eit uttrykk som liknar dagens tak. Den synlege delen av skiferen skal vere tilpassa eksisterande uttrykk. Skifersteinen skal leggjast på same visuelle måte som eksisterande tak, men med moderne og varige løysingar for undertak, lufting og beslag.

Leverandøren skal utføre arbeidet i samsvar med konkurransegrunnlaget og vedlegga. Eventuelle atterhald eller avvik frå krava skal gå klart fram av tilbods brevet.

Alle endringar i utføringa skal avklarast skriftleg med byggherre før arbeidet vert utført.

---

#### **3. Skifertekking**

Det skal nyttast rektangulær natursteinsskifer, type Alta-skifer eller tilsvarande, med tilsvarande dokumentert kvalitet, frostbestandigheit, format, farge og visuelt uttrykk.

Standard storleik skal vere 12 tommar x 18 tommar, med mindre anna vert skriftleg godkjent av byggherre.

Skiferen skal vere frostsikker og eigna for formålet. Skifer skal leggjast i samsvar med gjeldande standardar og etablerte faglege prinsipp for skifertak. Skiferen skal festast med syrefast spiker.

Leverandøren skal kontrollere synleg format på eksisterande skifer ved synfaring/kontrollmåling og sikre at ny tekking får tilsvarande visuelt uttrykk.

---

#### **4. Undertak og lufting**

Det skal etablerast nytt tett undertak med nødvendig lufting mellom undertak og skifertekking.

På eksisterande sutak/taktro skal det leggjast diffusjonsopen duk. Over duken skal det etablerast lufting og nytt underlag for vidare oppbygging. Oppbygginga skal utførast med sløyfer, plate-/kryssfinerlag, undertaksduk, sløyfer og lekter slik at taket får ei varig, lufta og drenert løysing.

Følgjande oppbygging skal leggjast til grunn:

- diffusjonsopen duk på eksisterande sutak/taktro
- sløyfer for lufting, dimensjon 48 x 48 mm
- 12 mm kryssfiner
- ny undertaksduk
- impregnerte sløyfer, dimensjon 30 x 48 mm
- impregnerte lekter, dimensjon 36 x 73 mm
- ny skifertekking

Utføringa skal vere i samsvar med gjeldande byggdetaljar frå SINTEF Byggforsk, produsenttilvisingar og etablerte faglege prinsipp.

---

## **5. Kontroll og utskifting av treverk**

Eksisterande treverk under dagens tak skal nyttast vidare der tilstanden tilseier at dette er fagleg forsvarleg.

Dersom det vert avdekt fukt-, råte- eller andre skadar i sutak/taktro eller anna treverk, skal dette dokumenterast med bilete og avklarast med byggherre før vidare arbeid/lukking.

Utskifting av skadd sutak/taktro skal prisast som eigen einingspris i prisskjemaet. Mengde vert avrekna etter faktisk utført og skriftleg godkjent arbeid.

---

## **6. Beslag, sløyser, møne og valm**

Det skal etablerast nye og varige beslagløysingar ved overgangar, sløyser, møne, valm og mot mur/vegg.

Beslag skal utførast slik at vatn vert ført kontrollert ut på takflata eller ned i takrenne. Det skal leggjast særleg vekt på overgangane mellom koret, kyrkjelydssalen og kyrkjeskipet, då dette er kjende svake punkt.

Beslag mot mur/vegg skal førast inn i mur/puss eller på annan fagleg forsvarleg måte sikre at vatn ikkje kjem ned mellom beslag og vegg. Eventuelt vatn som kjem inn bak ytre beslag, skal førast ut att og ned i takrenne.

Det skal nyttast varige materialar. Synlege beslag på takvinklar, møne og valm skal ha skiferliknande farge. Det skal nyttast færrast mogleg skøyta, og skøyta skal utførast med forsvarleg overlapp og tetting.

Eksisterande bly som er festa under puss på vegg, skal vurderast av leverandøren. Dersom bly vert demontert eller handtert som avfall, skal dette handterast i samsvar med krav til avfall og eventuelt farleg avfall.

---

## **7. Takrenner og nedlaup**

Takrenner på kor og kyrkjelydssal skal bytast ut. Samla lengd er oppgitt til om lag 55,5 meter.

Det skal nyttast standard takrenner med dimensjon 125 mm. Nedlaup skal ha dimensjon 75–90 mm. Renner skal vere i grålakkert aluminium. Nedlaup skal vere i kvitlakkert aluminium.

Leverandøren skal kontrollmåle endelege lengder og tal nedlaup før bestilling og montering.

---

## **8. Takgjennomføring**

Eksisterande ventil/takgjennomføring skal fjernast. Opninga skal tettast permanent som del av ny takoppbygging.

Tettinga skal utførast slik at undertak, lufting og skifertekking får same funksjon og kvalitet som resten av takflata.

---

## **9. Rigg, stillas og sikring**

Leverandøren skal medta nødvendig rigg, drift, stillas, sikring, adkomst og provisorisk tetting for å gjennomføre arbeidet.

Stillas og sikring skal etablerast etter gjeldande reglar. Arbeidet skal utførast utan skade på mur, puss, vindauge, andre takflater eller uteområde.

Kyrkja er i bruk i byggeperioden. Leverandøren skal sikre trygg adkomst for brukarar av kyrkja og ta særleg omsyn ved gudstenester, gravferder, bryllaup og andre kyrkjelege handlingar. Arbeid skal kunne stansast mellombels ved slike arrangement etter nærare avtale med byggherre.

---

## **10. Avfall og rydding**

Leverandøren skal fjerne eksisterande skifer, undertak/papp/duk, beslag, takrenner, nedlaup og anna avfall som følgjer av arbeidet.

Avfall skal sorterast og leverast til godkjent mottak. Skifer som kan nyttast til ombruk eller reserve, skal leggjast til side etter nærare avtale med byggherre.

Krav til avfallshandtering går fram av Vedlegg 5 – Foreløpig avfallsplan. Leverandøren skal før oppstart supplere avfallsplanen i samsvar med krava i konkurransegrunnlaget.

Byggeplassen skal haldast ryddig og sikker gjennom heile arbeidsperioden.

---

## **11. SHA/HMS**

Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande krav til helse, miljø og tryggleik.

Krav til SHA går fram av Vedlegg 4 – Foreløpig SHA-plan. Leverandøren skal før oppstart supplere planen med mellom anna framdriftsplan, rigg-/stillasplan, metodebeskriving, SJA-ar og kontaktpersonar, i samsvar med konkurransegrunnlaget.

---

## **12. Kontroll, dokumentasjon og FDV**

Leverandøren skal halde byggherre jamleg orientert om framdrifta. Byggherre skal kunne synfare arbeidet undervegs etter avtale.

Før lukking av konstruksjonar skal kritiske arbeid dokumenterast med bilete. Dette gjeld særleg undertak, skadar i treverk, sløyser, overgangar mot mur/vegg og beslagløysingar.

Ved ferdigstilling skal leverandøren levere relevant FDV-dokumentasjon, bilete av utført arbeid og enkle råd om vedlikehald av tak, beslag, renner og nedlaup.

---

## **13. Tilgjengelege fasilitetar**

Leverandøren kan etter nærare avtale nytte toalett, kjøken med kjøleskåp, pauserom og lagerrom i kyrkja.

Bruk av fasilitetar skal avtalast med byggherre og må ikkje hindre ordinær bruk av kyrkja.

---

## **14. Kontrollmåling**

Oppgitte mengder er rettleiande. Leverandøren skal sjølv kontrollmåle takflater, synleg skiferformat, beslag, takrenner, nedlaup og andre relevante mål før bestilling og utføring.

Dersom kontrollmåling viser avvik som har verknad for pris, framdrift eller løysing, skal dette meldast skriftleg til byggherre før arbeidet vert sett i gang.